

Hei, og Godt Nytt År!

Me kan no vinke farvel til 2025, å helse eit nytt år velkomen. Eg vil starte det nye året med å vekke liv att i 'Nytt frå Vinjelosen'. I starten som Vinjelos skreiv eg slike månadlege innlegg, noko eg ynskjer å ta opp att no, slik at både innbyggjarar og andre kan fylgje tettare med på kva eg jobbar med gjennom året, og samtidig få høve til å koma med innspel.

Året som gjekk, gjekk fort. For min del handla 2025 om å auke forståinga kring tilflyttingsperspektivet, justere arbeidet, å jobbe vidare med dei tiltaka me har trua på, slik som; mottaksapparat, prøvebu ordninga, etablering av skulegard, vidareutvikling av Reinparken, arbeid med bustader og synlegheit, for å nemne noko. Dette er også i tråd med kommuneplanens samfunnsdel, som mellom anna seier noko om at me ynskjer busetting i heile kommunen, at me skal ha gode oppvekstvilkår, gode møteplassar, og at me skal skape eit aldersvenleg samfunn.

Å jobbe med folkevekst er komplekst, og det vil krevje endå meir framover, då kampen om ressursane vil bli endå hardare. Folkevekstarbeidet vil også endre seg i takt med tida. Som Knut Vareide i Telemarksforsking sa; «De som lykkes, vil bli de som satser sterkere og annerledes enn andre». Sett frå mitt perspektiv, har Vinje ei føremon med at me har satsa sterkt og annleis enn mange andre allereie, ved å tørre å prøve ut utradisjonelle verkemiddel, tørre å investere i samfunnet når tidene er harde. Me må halde fram med «å tørre», vera framoverlente, å bruke erfaringane frå kontinuerleg folkevekstarbeid til konstruktiv utvikling av samfunnet. Elles vil det kunne bli vanskeleg å skilje seg ut som ein attraktiv kommune å flytte til.

Eg tek imot i overkant av 50 forskjellige henvendingar årleg. For dei aller fleste interessentane handlar det i størst grad om å finne rette staden å bu, og hovudvekta ligg framleis på etterspurnad etter småbruk. Med samfunnets fokus, og verdsbiletet i dag, er mange opptekne av eigenberedskap, samt å kunne trekke ut frå bykjerna fot å leve eit annleis liv.

Då primærførespurnadane gjeld jakta etter småbruk, blir det også natuleg for min del å legge hovudvekta på dette når det gjeld bustadarbeidet, for å prøve og lokalisere potensielle ledige småbruk. Samtidig treng me sjølv sagt også nye bustader for ulike aldersgrupper, for å møte framtidens demografiske utvikling. For gruppa unge vaksne i etablerarfasen, har det kome fram at det er viktig at bustadene ikkje er for dyre. Mobø mikrohuslandsby vil kunne svare ut noko av dette. I bustadstrategien vår kan du lese meir om korleis me bør legge til rette framover.

Me er heldige i kommunen vår, og har veldig mykje godt å spela på, sjølv om det positive har lett for å drukne dersom fokuset blir på det motsette. Eg håpar alle innbyggjarar i Vinje kommune vil vera med på å gjera 2026 til det beste året nokosinne; lyfte fram våre verdiar, vere berebjelkane for Vinjesamfunnet, framsnakke kommunen vår, å hugse på at *innbyggjarane* er dei beste ambassadørane for eigen kommune.

Godt år!

A handwritten signature in blue ink that reads "Vinjelosen". The signature is written in a cursive, flowing style.